

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 27. januar 2021 Kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Digitalt møte på Skype
Opning:	Sigrunn

Til stades: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland.

Forfall: Signe Vorland (1. vara), Dagfinn Koppang (innkalt til sak 3)

SAKLISTE

2021/1- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med følgende tillegg:
Sak 2021/4 – Permisjonssøknad
Sak 2021/5 – Representant til styre i KFUK/KFUM

2021/2- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent.

Samrøystes.

2021/3- 012 Utvalsarbeid

vedl 1

Aktuelle tema:

- Korleis oppnå aktive utval som kan handsama saker innafor eit gitt mandat, og som kan vere tett på det som skjer i kyrkjelyden mellom møta?
- Samhandling mellom utval og sokneråd
- Deltaking/presentasjon i soknerådsmøta frå utvala, jfr. årshjul. Førebuing saman med AU?
- Ønske/fokusområde for 2021
- Mandat for utvala: Soknerådet bør vedta mandat på felles mal som liknar på kvarandre for å tydeleggjere kva utvalet kan gjera på eige hand. AU tilrår soknerådet å vedta eit utkast som blir sendt på høyring til utvala, med frist for tilbakemelding om feil eller manglar, før endeleg vedtak.

Vedtak:

- Soknerådet ber utvala drøfta fokusområde for 2021 og korleis dei vil jobba framover og referera tilbake til neste soknerådsmøte.
- Soknerådet vedtek det framlagde utkastet som forslag til mandat for soknerådet sine utval. Soknerådet sitt forslag blir sendt på høyring til utvala, med frist 08.02.21 for tilbakemelding om feil eller manglar, før endeleg vedtak blir gjort i neste soknerådsmøte.

Samrøystes.

2021/4- 012 Permisjonssøknad

Signe Vorland har søkt om permisjon frå vervet som 1.vara i Stord sokneråd i perioden fram til sommaren 2021.

Vedtak:

Permisjon innvilgast til 15.august 2021.

Dag Kjetil Lægreid rykkjer opp som 1.vara i perioden og møter fast i møta framover.

Samrøystes.

2021/5- 012 Representant til styre i KFUK/KFUM

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Stord KFUK/KFUM har vedtak på at Stord og Nysæter sokneråd får ein plass i styret deira. Nysæter hadde ein representant i styret i 2020 og det er no Stord sokneråd sin periode i 2021.

Vedtak:

Stord sokneråd oppnemner Kirsti Angvik Frugård som representant til styret i Stord KFUK/KFUM.

Samrøystes.

- **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. Smittevernsrestriksjonar og planlagde aktivitetar framover
 - a. Soknerådet er glade for kreative løysingar for gjennomføring av nattverdsgudsteneste og sosiale møtepunkt, i tillegg til trusopplæringstiltaka som i stor grad blir oppretthaldne.
 - b. Det er ønskeleg å planlegga løysingar som er minst mulig avhengig av grad av restriksjonar, gjerne i form av utandørs arrangement. Kan parken vera aktuell? Kyrkjeberget?
 - c. Soknerådet er opptekne av løysingar som inkluderer nattverdsfellesskap.
2. Døgnet 2021
3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå soknerådsmøte i Nysæter sokn, 8.des 2020
2. Referat frå Stord Kyrkjelege Fellesråd, 15.des 2020
3. Referat frå styremøte i Kyrkjestova Fredheim, 10.jan 2021
4. Brev frå Kyrkjestova Fredheim til Stord Kyrkjelege Fellesråd
5. Tilstandsrapport, Stord Kyrkje

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
nestleiar og referent
sign